

Retningslinjer for Sommarleir i Noregs Ungdomslag

Køyrereglane for Sommarleir i Noregs Ungdomslag fortel at leiren skal vere ei trygg, inkluderande og positiv tilskiping. (sjå bilde)

Dette dokumentet skisserer retningslinene Noregs Ungdomslag har ved brot på køyrereglane, med eksempel på brot og konsekvensar. Retningslinene er eit verktøy som leirleiinga kan ta i bruk ved behov, og det er leirleiinga sitt ansvar å vurdere kvar enkelt situasjon eller hending ut ifrå dokumenta for leiren (køyreregler, retningsliner og beredskapsplan).

Både deltakarar, føresette, lærarar og leirleiing skal vere kjent med retningslinene for Sommarleiren, og vere inneforstått med at regelbrot og uakseptabel oppførsel kan få konsekvensar.

Retningslinene er vedteke av styret i Noregs Ungdomslag og er forankra i organisasjonen gjennom dette vedtaket.

Brot på køyrereglane kan til dømes vere:

- Tjuveri eller øydelegging av andre sin eigendom
- Bruk av rusmiddel
- Uakseptabel oppførsel
 - Mangelfull respekt for andre
 - Mobbing av andre
 - Trakassering eller diskriminering av andre
 - Utagering eller vald mot andre
 - Grenseoverskridande åtferd mot andre
 - Overgrep
- Ikkje møte til avtalte tider for kurs, måltid eller andre aktivitetar. Dette kan også vere å med vilje fjerne seg frå leirstaden uten avtale.

Andre tilfelle av uakseptabel oppførsel eller hendingar som ikkje er nemt med eksempel i denne lista vil også kunne få konsekvensar viss leirleiinga ser det som best for å ivareta trygge rammer for deltakaren sjølv og dei andre deltakarane.

Leirleiinga, hovudansvarleg for leir eller generalsekretær har ansvar for å vurdere kva for konsekvens eit eventuelt brot skal få.

Moglege konsekvensar ved brot på køyrereglane:

- Informasjon heim til føresette
- Erstatning av øydelagt eigendom
- Skjerming frå aktivitet under leiren
- Bli sendt heim frå årets leir, for eiga rekning
- Utestenging frå framtidige leirar

Køyreregler og retningsliner for Sommarleir er vedteke av styret i Noregs Ungdomslag juni 2019.